

**Svært stabilt kyrkjebesøk**

22.01.2012



Dugnad med god deltagning på kyrkjegården i haust

Kyrkjebesøket i Uskedalen er svært stabilt, viser statistikken som vart lagt fram under årsmøtet i kyrkja i ettermiddag.

I gudstenestene på søn- og helgedagar var 1482 eller 82 i snitt til stades i fjor.

Dei tilsvarannde tala året før var 1519 eller 80. I tillegg kom 171 og 134 på kvardagar. Ingen vart innmeldte og 1 vart utmeldt 14 vart døypte og 7 gravlagde. Som takkoffer til misjon, nødhjelp og kyrkjelydsarbeid kom det inn 44573 kroner mot 43841 året før.



Jukekonserten er alltid eit høgdepunkt i kyrkja (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vart i 2011 utført minst 60 dugnadstimar på kyrkjegården og gjerdet og 10 var med på dette arbeidet. Det var både medlemmer av soknerådet, varamedlemmer og andre bygdefolk.

Ei stor oppgave no blir å lage eit skrift i samband med 100-årsjubileet i 2014 og eit skriftstyre som Tormod Myklebust, Bjørgulf Eik, Leohnard Eik, leiaren i soknerådet og bokskrivaren Kaare Skåla fra Rosendal er i arbeid.. Under årsmøtet etterlyste leiaren Møyfrid Kristoffersen soknerådsprotokollane for perioden 1953-1970 som det ikkje har lukkast å finna.

Blant sakene som soknerådet har handsama er drøfting av konfirmasjon på laurdag, trusopplæringa, arkivering av dokument brannsikkert i kyrkja, julekonsert, agenttilskiping, fasteaksjon, Blix-konsert, gudsteneste på Skorpo, soknerådsvalet, fasteaksjon, konfirmantjubileet, dugnadar, freds- og veterangudsteneste og liturgireform.

Leiaren berømmede konfirmantane for god innsats under fasteaksjonen, som dette året ga 14 893 kroner mot 13 260 året før

Rekneskapen viste ein saldo i banken på 83430 kroner mot 79 244 kroner eitt år tidlegare.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen